



Surnadal kommune

Kultur

Det Kongelige kulturdepartementet
p.b. 8030 Dep
0030 OSLO

Att. Heidi Karlsen

Dykkar ref:

Vår ref
2013/1493-3

Saksbehandlar
Lilli Husby

Dato
25.06.2013

Høyringsvar NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014 - Surnadal kommune

Surnadal kommune har med stor interesse lest "Kulturutredningen 2014", og ser at utvalet har lagt ned eit stort og godt arbeid. Surnadal kommune vart i 2012 kåra til årets kulturkommune i Møre og Romsdal, ein av grunnane til det er at vi gjennom fleire år har prioritert og utvikla det lokale kulturarbeidet, vi meiner det er behov for eit nasjonalt løft her. Derfor er vi godt nøgde med hovudkonklusjonen i rapporten, der den lokale grunnmuren blir løfta fram som eit foreslått satsingsområde i åra framover.

Surnadal kommune meiner at innføringa av yringskulturen som eit omgrep er svært positivt, og det er viktig at ein kritisk tek tak i det som per i dag blir oppfatta som eit ullent kulturomgrep med uklare grenser. Kultur er eit stort og komplekst fagområde, sjølv om det i mange kommunar blir vurdert som det motsette.

Surnadal kommune vil slutte opp om utvalet sin påstand om at kommunen er ei av hovudkjeldene til finansiering av kulturlivet og frivilligheita. Det er kommunane som står nærast brukarane, kjenner best til utfordringane, og som på enklast muleg måte kan støtte opp under utviklinga av kulturlivet lokalt. Dette er eit ansvar vi som kommune har tatt på alvor. Likevel er det konstant fare for nedskjeringar når viktige budsjettprioriteringar må gjerast. Konsekvensane av dette er at mange kommunar står igjen utan tilstrekkeleg kulturfagleg kompetanse til å støtte kulturutviklinga, og dei økonomiske midlane til å gjennomføre dette.

Utvalet viser mellom anna til "... tendensen til at kulturfeltet i økende grad blir sett på som et aspekt ved andre politikkkfelt og i mindre grad forstått som et selvstendig virksomhetsområde i kommunene". Vi observerer stadig at kommunar nedbemannar på nettopp dette området, noko som igjen fører til at kommunen mistar mulegheita til å fremme kulturen sine interesser både i eigen organisasjon, og opp mot resten av verkemiddelapparatet, som stat og fylkeskommune.

Surnadal kommune er einig i at den samfunnsmessige forankringa av kulturen er ein avgjerande del av demokratiutviklinga. Når utvalet viser til oppbygginga av den kulturelle grunnmuren, stiller Surnadal kommune seg bak dette. Forutan bibliotek, kulturskule, fritidsklubbar og frivilligheita, vil vi også understreke at den offentlege kulturfaglege tilretteleggar- og utviklarkompetansen i kommunen er ein viktig del av dette fundamentet.

Med ein sterk tradisjon for samarbeid mellom amatør og profesjonell vil Surnadal kommune også understreke viktigheita av tiltak som sikrar profesjonelt kulturliv i regionane, m.a. gjennom meir hensiktsmessige vilkår for profesjonelle utøvande kunstnarar. Den kunstnariske fridomen må i alle samanhengar takast vare på.

Surnadal kommune meiner at fokuset for kulturarbeidet og kulturmidlane bør vera der kultur er hovudformålet, ikkje berre eit delmål.

Øyremerking av midlar kan vera ein ide i forhold til innføring av nye ordningar. Men ein må vera klar over at dette kan føre til utfordringar for ulike kommunar fordi organiseringa av kulturarbeidet varierer. Ein bør vera varsam med å ha ei statleg overordna styring av korleis midlane skal brukast, sjølv om det ofte er ein fordel med nasjonalt trykk på ulike område. Surnadal kommune meiner at ei lovfesting styrkar fagområdet på ein betre måte, og vi støttar ei foreslått styrking av lovverket for kulturfeltet.

Surnadal kommune oppfatar den kulturelle infrastrukturen som: eigna lokale, organisasjon og fagleg kompetanse. I Kulturløftet II har det vore lagt stor vekt på utbygging av fysisk infrastruktur, da spesielt på nasjonalt nivå. Dette arbeidet er på ingen måte ferdig med tanke på heilskapen i den kulturelle infrastrukturen. Vi vil understreke behovet for at det framleis skal vera sterkt fokus på utviklinga av den kulturelle infrastrukturen lokalt både når det gjeld eigna bygg og lokale, organisasjon og fagleg kompetanse. Eit viktig element her er å vurdere kulturbygg med eit like tydeleg fagfokus som ved idrettsbygg, og med ein liknande finansieringsnøkkel.

Surnadal kommune anerkjenner og støttar behovet for å skape ein meir kunnskapsbasert kulturpolitikk. Medan andre fagområde styrkar og underbygger rolla si i samfunnsbygginga, blir kulturområdet svekka gjennom manglande dokumentert effekt. Ei forskingsbasert utvikling vil i sin tur sikre ei klarere målstyring av kulturarbeidet.

Vi vil avslutningsvis poengtere yringskulturen som ein vesentleg del av den kulturelle danninga av individet. Vi opplever stadig kor viktig kultur er for å la kvart enkelt menneske utvikle seg som individ. Kultur fremmar livskvalitet, trivsel og god helse og fortsett å vera eit viktig fagområde i dagens komplekse samfunn.

Med helsing

Gunhild Eidsli
ass. rådmann

Lilli Husby
einingsleiar

Vedlegg

1 Særutskrift - Kulturutredningen - høyringssvar frå Surnadal kommune